

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	24.08.2011	115/11	Olav Mongstad
Kommunestyret	07.09.2011	069/11	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FA-N06	Arkivsaknr: 10/788 -24
--------------------------	---------------	------------------------

Evaluering av skuleskyssordninga i Austrheim kommune

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	05.08.2010	Diana Haugsdal	Søknad om skuleskyss
8	I	19.09.2010	Geir Daae og Elisabeth Austrheim	Søknad om fri skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
9	I	19.09.2010	Geir Daae og Elisabeth Austrheim	Søknad om fri skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
7	I	19.09.2010	Arvid og Anne Karen Wilkensen	Søknad om fri skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
11	I	22.09.2010	Hanne Berit Bolstad og Henning Sætre	Søknad om fri skuleskyss
12	U	27.09.2010	Arvid og Anne Karen Wilkensen; Geir Daae og Elisabeth Austrheim; Hanne Berit Bolstad og Henning Sætre	Førebels tilbakemelding på dykkar søknad om fri skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
14	I	23.01.2011	Ingjerd Holen	Søknad om fri skuleskyss
16	I	16.03.2011	Geir Daae og Elisabeth Austrheim	Søknad om fri skuleskyss på grunn av farleg skulevei, Emilie Daae
18	U	29.03.2011	Kaland Barne- og ungdomsskule; Årås skule	Vurdering av skuleveg opp mot bestemmelsane i Opplæringslova
19	U	29.03.2011	FAU v/Årås skule; FAU v/Kaland barne og ungdomsskule; Morten Sognnes; Anne Dahle Austrheim; Rektor Årås skule; Rektor Kaland barne- og ungdomsskule	Særutskrift - Søknader om fri skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
20	I	11.04.2011	Hordaland Fylkeskommune	Skyss til andre skular/opplæringsarenaer enn nærskulen
21	I	26.04.2011	Samferdsleutvalet Regionrådet i Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
22	I	06.05.2011	Samferdselsavdelinga Hordaland Fylkeskommune	Skuleskyss med undertransportørar - kostnadsfordeling mellom kommunane og fylkeskommunen
23	I	08.07.2011	Olav Mongstad	Rapport for evaluering av skuleskyssordninga i Austrheim
25	I	04.09.2011	Oddveig Hansen; Gunn Eva og Stein-Kåre Løvslett	Innspeil til sak i kommunestyre 07.09.2011 ang. evaluering av skuleskyssordninga

Dok.dato	Vedlegg	Dok.ID
08.07.2011	Rapport for evaluering av skuleskyssordninga i Austrheim.doc	45575
06.09.2011	Innspel til sak i kommunestyre 07.09.2011 ang. evaluering av skuleskyssordninga	46895

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

- A. Skyssordninga for elevar i grunnskulen i Austrheim vert utvida slik:
1. Det vert gitt kommunal skyss for elevar frå Synnevågen langs Austrheimvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til Kaland barne- og ungdomsskule
 2. Det vert gitt kommunal skyss for elevar som har skuleveg langs Austrheimvegen frå Ulvøy og langs vegen til Mastrevikkrysset.
 3. Vedtaket om kommunal skyss gjeld elevar i 1. – 10. klasse som ikkje har rett på skyss etter Opplæringslova.
 4. Vedtaket om gratis skyss gjeld inntil det er bygd gang- og sykkelveg langs strekninga eleven bur på.
 5. Endringane kjem i tillegg til dei som fekk rett til gratis skuleskyss i vedtaket i Austrheim formannskap 16.06.2003 og i sak F-092/02 og som ikkje har fått gang- og sykkelveg.
- B. Vedtaket er gjort med bakgrunn i Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 som gjev grunnskuleelevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengde når skulevegen er ”særleg farleg og vanskeleg.”
- C. Kostnad for utvidinga blir vurdert i andre tertialrapportering i haust.

Utvalet sine tilrådingar på utbetringar som går utover rett gratis skuleskyss, vert tatt med i neste rullering av trafikksikringsplanen.

Behandling i Formannskapet 24.08.2011:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes tilrådd.

FS-115/11 Tilrådd:

- A .Skyssordninga for elevar i grunnskulen i Austrheim vert utvida slik:
1. Det vert gitt kommunal skyss for elevar frå Synnevågen langs Austrheimvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til Kaland barne- og ungdomsskule
 2. Det vert gitt kommunal skyss for elevar som har skuleveg langs Austrheimvegen frå Ulvøy og langs vegen til Mastrevikkrysset.
 3. Vedtaket om kommunal skyss gjeld elevar i 1. – 10. klasse som ikkje har rett på skyss etter Opplæringslova.
 4. Vedtaket om gratis skyss gjeld inntil det er bygd gang- og sykkelveg langs strekninga eleven bur på.

5. Endringane kjem i tillegg til dei som fekk rett til gratis skuleskyss i vedtaket i Austrheim formannskap 16.06.2003 og i sak F-092/02 og som ikkje har fått gang- og sykkelveg.
 - B. Vedtaket er gjort med bakgrunn i Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 som gjev grunnskuleelevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengde når skulevegen er ”særleg farleg og vanskeleg.”
 - C. Kostnad for utvidinga blir vurdert i andre tertialrapportering i haust.

Utvalet sine tilrådingar på utbetringar som går utover rett gratis skuleskyss, vert tatt med i neste rullering av trafikksikringsplanen.

Behandling i Kommunestyret 07.09.2011:

Helge Dyrkolbotn fremja framlegget som står i punkt 4 i rapporten frå nemnda.

Elevar som bur langs Sævrøyvegen frå Tresbakken til kryss ved Austrheimvegen, får rett til kommunal skyss.

Framlegget vart samrøystes vedteke med tilføyinga frå Helge Dyrkolbotn.

KS-069/11 Vedtak:

A. Skyssordninga for elevar i grunnskulen i Austrheim vert utvida slik:

1. Det vert gitt kommunal skyss for elevar frå Synnevågen langs Austrheimvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til Kaland barne- og ungdomsskule
2. Det vert gitt kommunal skyss for elevar som har skuleveg langs Austrheimvegen frå Ulvøy og langs vegen til Mastrevikkrysset.
3. Vedtaket om kommunal skyss gjeld elevar i 1. – 10. klasse som ikkje har rett på skyss etter Opplæringslova.
4. Vedtaket om gratis skyss gjeld inntil det er bygd gang- og sykkelveg langs strekninga eleven bur på.
5. Endringane kjem i tillegg til dei som fekk rett til gratis skuleskyss i vedtaket i Austrheim formannskap 16.06.2003 og i sak F-092/02 og som ikkje har fått gang- og sykkelveg.
6. Elevar som bur langs Sævrøyvegen frå Tresbakken til kryss ved Austrheimvegen, får rett til kommunal skyss.

B. Vedtaket er gjort med bakgrunn i Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 som gjev grunnskuleelevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengde når skulevegen er ”særleg farleg og vanskeleg.”

C. Kostnad for utvidinga blir vurdert i andre tertialrapportering i haust.

Utvalet sine tilrådingar på utbetringar som går utover rett til gratis skuleskyss, vert tatt med i neste rullering av trafikksikringsplanen.

Særutskrift sendt:

Dato:

Sign:

1. Saka gjeld:

Formannskapet har sett ned eit utval som skulle evaluera dagens skyssordning til grunnskulane i kommunen.

I løpet av skuleåret 2010-2011 kom det inn 7 søknader om fri skuleskyss med den grunngeving at det var farleg skuleveg. Ingen av søknadene vart innvilga. Rådmannen avslo alle med grunngeving i vedtaket frå juni 2003 om kven som har rett på gratis skyss.

2. Saksopplysningar:

Formannskapet sette ned eit utval for å sjå på skuleskyssordninga og gjorde fylgjande vedtak:

FS-029/11 Vedtak:

Austrheim formannskap set ned ein nemnd med denne samansetjinga:

- 2 oppnemnd av formannskapet:
 - Kaland krins: Morten Sognnes,
 - Årås krins: Anne Dahle Austrheim
- 1 representant frå FAU ved kvar av skulane
- Rektor ved kvar av skulane
- Rådmannen sin representant som er sekretær for nemnda.

Mandat:

- Nemnda skal gå gjennom og vurdera Opplæringslova sine kriterium for skuleskyss.
- Nemnda skal koma med eit framlegg om det er strekningar på dagens skysstrekingar for skulane som skal definerast som farleg skuleskyss.
- Saka skal leggjast fram til vedtak i kommunestyret innan sommaren 2011.
- I saka skal det gå fram kva eventuelle økonomiske fylgjer endringar av reglane vil få for skulane sine budsjett.

Opplæringslova sin bestemmelse om skuleskyss er:

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskolen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss.

Fylgjande vedtak frå 2003 har vore grunnleggjande for ordninga med skuleskyss i Austrheim.

Vedtak i Austrheim formannskap - 16.06.2003:

1. Austrheim Formannskap gjer vedtak om fri skuleskyss for alle elevane i 2.-4. klasse som har meir enn 2 km reise til og frå Årås og Kaland skular på desse strekningane
 - ✓ Fv. 419 Solendveien over Leikvoll til Årås skule
 - ✓ Rv. 565 Austrheim kyrkje til Årås skule
 - ✓ Toftegård-vegen og Rv. 565 til Årås skule
 - ✓ Fv. 418, Synnevågvegen, og Rv. 565 til Kaland skule

Vedtaket er gjort med bakgrunn i Opplæringslova §§ 7-1 og 13-4 som gjev grunnskuleelevar rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når skulevegen er "særleg farleg og vanskeleg".

2. Ordninga gjeld for skuleåret 2003-2004.
3. For å iverksetje vedtaket må skuleskyssen på kap. 1.2 tilførast kr 45.000 for hausthalvåret 2003.
Posten skuleskyss på kap. 1.2 får tilført kr 45.000 frå posten auka inntekter Eigedomsskatt og kr 55.000,- i budsjettet for 2004.
4. Austrheim Formannskap ber administrasjonen sette i verk tiltak etter trafikksikringsplanen som det er avsett midlar til i 2001 og 2002.

I tillegg gjorde Austrheim formannskap i sak F-092/02 vedtak om at elevar i 2. – 4. klasse med meir enn 2 km. reise frå Kaland barne- og ungdomsskule skal ha fri skyss mellom anna på strekninga Rv. 565.

Det har ikkje vore politisk handsaming av denne saka sidan desse to vedtaka. Vedtaket har vorte fylgt administrativt sidan 2004. Truleg har dette samanheng med omorganiseringa og at tilsette ved tidlegare skulekontor har slutta.

Sidan dette vedtaket vart gjort, har elevar frå Heiane og Leikvoll, Solen misst retten til gratis skyss etter at det vart bygd gangveg. I dag har såleis elevar i 2.-4. klasse med over 2 km. skuleveg kommunal skyss etter dei to siste punkta i vedtaket. I tillegg har elevane som bur langs Litlåsvegen kommunal skyss i 1.-4. klasse.

A. I rapporten har nemnda fylgjande framlegg om endringar:

1. Alle frå Synnevågen bør få rett til fri skyss. Nemnda definerer det som farleg skuleveg langs hovudvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til kryss Tresvikvegen/Austrheimvegen. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen.
2. Alle frå Ulvøy og Kvalvågen og langs Austrheimvegen frå Ulvøy til kryss Mastrevikane/Austrheimvegen bør få fri skyss på grunn av farleg skuleveg. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen. Sjølv om fleire får skyss, må elevar gå langs denne hovudvegen eit stykke til busstopp.
3. Elevar som bur langs Austrheimvegen frå kryss Hopland/Austrheimvegen til kryss Solendvegen/Austrheimvegen får fri skyss. Grunngeving er trafikk langs veg med delvis 80 km. fartsgrense og utan gangveg.
4. Elevar som bur langs Sævrøyvegen frå Træsbakken til kryss ved Austrheimvegen får rett til fri skuleskyss.

5. Alle desse får fri skuleskyss frå 1. – 10 kl. Når det vert bygd gangveg på ei strekning, vert det ikkje lenger definert som farleg skuleveg etter grunnskulelova sin definisjon.

Gruppa meiner at dette kjem i tillegg til dei som fekk rett på gratis skyss i vedtaket i Austrheim formannskap 16.06.2003 og som ikkje har fått gang- og sykkelveg.

B. I tillegg har nemnda framlegg om viktige tiltak som gjeld trafikkisikring.

1. Overgang i kryss Fonnes/Austrheimvegen og overgang ved Samfunnshuset.
 - a. Begge desse må strammast opp med betre siktlinje. Vurder nedsett fart, lange fartsdumpar eller trafikklys med overgang.
2. Gruppa ynskjer at det vert laga til miljøgate med opphøgja overgangar for å redusera farten både på Kaland/Fonnes og i kommunesentrum.
3. Gruppa ser at det er så mange som i dag køyrer ungane til skulen slik at det er eit uoversiktleg trafikkbilete ved skuleslutt og skulestart. Det bør gjerast endringar på køyremønsteret ved skulane.
4. Kaland. Nemnda meiner det bør bli gangfelt langs Vardevegen til skulen. Vegen er smal, ved skulestart og -slutt er det privatkøyring og bussar som passerar barn som går til og frå skulen.
5. Haldningar til foreldre om køyring.
 - a. Kan Trygg Trafikk og andre organisasjonar som driv opplysning hjelpa til med informasjon på dette feltet?

3. Vurdering:

Rådmannen si vurdering av framlegga:

1. Alle frå Synnevågen bør få rett til fri skyss. Nemnda definerer det som farleg skuleveg langs hovudvegen frå kryss Bakkavegen/Austrheimvegen til kryss Tresvikvegen/Austrheimvegen. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs denne strekningen.

Rådmannen si vurdering.

Rådmannen ser dette som ei strekke som bør definerast som farleg skuleveg så lenge det ikkje er bygd gang- og sykkelveg. Det er fleire uoversiktlege delar av vegen, vegen i bakken ned mot brua er smal. Dei siste åra har det vore auke i trafikken på denne strekka mellom anna på bakgrunn av aktiviteten på Mongstad.

Rådmannen er einig i at det bør gjevast fri skuleskyss for alle elevar på denne strekninga. I dag er det 3 hus som ligg under 4 km frå skulen med til saman 2-3 elevar.

2. Alle frå Ulvøy og Kvalvågen og langs Austrheimvegen frå Ulvøy til kryss Mastrevikane/Austrheimvegen bør få fri skyss på grunn av farleg skuleveg. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs hovudvegen. Sjølv om fleire får skyss, må elevar gå langs denne hovudvegen eit stykke til busstopp.

Rådmannen si vurdering.

Det har vore aukande trafikk langs denne strekninga siste åra. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs strekninga. Det er to, tre uoversiktlege svingar langs vegen, 2 i Budalen og ein på Sætre. I dag er det 4 som har rett til gratis skyss på strekninga, dersom ordninga vert utvida, vil pr. dags dato 14 elevar ha rett på gratis skyss i tillegg.

3. Elevar som bur langs Austrheimvegen frå kryss Hopland/Austrheimvegen til kryss Solendvegen/Austrheimvegen får fri skyss. Grunngeving er trafikk langs veg med delvis 80 km. fartsgrense og utan gangveg.

Rådmannen si vurdering.

Rådmannen er ikkje samd med utvalet i dette. Det er berre eit lite stykke som har 80 km. grense der det bur elevar. Desse har ei kort og oversiktleg strekke til grensa for 50 km fartsgrense. Langs riksvegen under punkt 2 ovanfor, er det elevar som må gå like langt langs trafikkert veg for å koma fram til eit busstopp. Det er ikkje elevar som har gangveg langs Leirbrekka som skal utbetrast hausten 2011.

4. Elevar som bur langs Sævrøyvegen frå Træsbakken til kryss ved Austrheimvegen får rett til fri skuleskyss.

Rådmannen si vurdering

Frå krysset Sævrøyvegen/Træsbakken til gang- og sykkelveg inn i Heiane, er det målt ca 290 m. på kartet. Rådmannen meiner at dette ikkje er lenger og meir farefull vegstykke enn det ein del elevar som bur langs Austrheimvegen har til næraste busstopp. Rådmannen vil såleis ikkje tilrå å gi gratis skyss langs denne strekninga. Pr. i dag er det elevar som bur i Træsbakken som såleis ikkje vil ha rett til gratis skyss.

5. Alle desse får fri skuleskyss frå 1. – 10 kl. Når det vert bygd gangveg på ei strekning, vert det ikkje lenger definert som farleg skuleveg etter grunnskulelova sin definisjon.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen er samd i dette og vil leggja det inn i sitt framlegg til vedtak.

4. Konklusjon:

Rådmannen tilrår å utvida dagens skyssordning for skulane slik:

1. Det vert gitt kommunal skyss for elevar frå Synnevågen langs Austrheimvegen frå krysset Bakkavegen/Austrheimvegen til Kaland barne- og ungdomsskule
2. Det vert kommunal skyss for elevar som har skuleveg langs Austrheimvegen frå Ulvøy og langs Austrheimvegen til krysset ved Mastrevikane.
3. Vedtaket om kommunal skyss gjeld elevar i 1. – 10. klasse som ikkje har rett på skyss etter Opplæringslova.
4. Vedtaket om gratis skyss gjeld inntil det er bygd gang- og sykkelveg langs strekninga eleven bur på.
5. Vedtaket frå 16.06.2003 med rett til 2 km. skyssgrense gjeld vidare for dei elevane som ikkje har fått utbygd gang- og sykkelveg.